

---

Saksnr: 2021/51632-1  
Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

**Handlingsplan 2022 - avdeling Kultur, idrett og inkludering**

## Forslag til innstilling

1. Handlingsplan 2022 - kultur, idrett og inkludering vert vedteke slik den ligg føre.
2. Tiltaka i Handlingsplan 2022 vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett for 2022.

## Samandrag

Dei to regionale kulturplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane gjeld i dei to geografiske områda til ein ny plan er utarbeidd. Ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland er under arbeid, og vert gjeldande frå 2023. Inntil vidare vert satsingane i eksisterande planverk sameina i årlege handlingsplanar som set retning for fylkeskommunen sitt arbeid.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Dei to regionale kulturplanane i Hordaland og Sogn og Fjordane gjeld i dei to geografiske områda til ein ny plan er utarbeidd. Dette gjeld:

- *Premiss kultur, regional kulturplan for Hordaland, 2015 - 2025*
- *Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019 - 2027*

Arbeidet med å utarbeide ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv for Vestland er starta opp. Ein legg til at ny regional plan vert vedteke i desember 2022, og at planen gjeld frå 2023.

Samtidig med vedtak av regional plan skal den som har planmynde vedta eit handlingsprogram som er 4-årig jf. plan og bygningslova § 8.1. Ein skal årleg vurdere behovet for rullering, t.d. kan ein utarbeide ein 1-årig handlingsplan som følgjer årsbudsjettet. Handlingsprogram og handlingsplanar sikrar gjennomføring av regionale planar. Det er viktig å forankre handlingsprogram i den regionale partnerskapen, mens den operative gjennomføringa skjer i kvar verksemd sin årlege handlingsplan.

I påvente av ein ny regional plan for heile Vestland rår fylkesrådmannen til at ein arbeider ut årlege handlingsplanar basert på vedtekne regionale planar og handlingsprogram i dei to tidlegare fylka. Fylkestinget vedtok i møte 15.12.20 ein handlingsplan for 2021. Denne er no rullert og vert lagt fram til handsaming.

Desse premissane ligg til grunn for handlingsplan 2022:

- gjeld fylkeskommunen sin innsats i 2022.
- bygger på vedtatte handlingsprogram i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland fylke.
- tek inn over seg mål og strategiar som ligg i *Utviklingsplan for Vestland*, vedteke 29.09.20.
- handlingsplan 2022 vert avstemt med budsjett 2022.
- vedteke temaplan for *Anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidler 2020-2024* er innarbeidd i handlingsplanen.
- *Frivilligstrategi*, vedteke i KULII 25.05.21 og *E-sportstrategi*, vedteke i Fylkestinget 29.09.21 er innarbeidd i handlingsplanen.
- Ein har ein ambisjon å vise på-tvers-satsingar internt i avdelinga og mellom avdelingar.

Nasjonale mål for kulturfeltet ligg som premiss for arbeidet.

Handlingsplanen er utforma på same måte som *Utviklingsplan for Vestland* i den forstand at den viser breie, heilskaplege og tverrfaglege tema som den regionale dialogen, deltaking og møteplassar, demokrati og medverknad, inkludering og integrering, verdiskaping, samt klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

Strukturen er delt inn i 4 nivå:

Det første nivået er satsingar, desse er: kultur som samfunnsutviklar, kultur for alle, nynorsk, kulturell infrastruktur, produksjon, formidling og deltaking i kultur samt kultur og naturarven.

Satsingane vert delt inn i innsatsområde, som igjen har definerte mål og tiltak. Avdelingsdirektøren viser her til vedlagte framlegg til handlingsplan for meir informasjon.

Årets rullering er enkel sidan ny plan er under arbeid. I rulleringa ligg satsingar, innsatsområde og mål frå *Handlingsplan 2021* fast. Dei tiltaka som er gjennomført i 2021 er fasa ut. Det har kome nye tiltak knytt til e-sportstrategien og frivilligstrategien.

Vedtakskompetanse

KULII, jf. delegeringsreglement pkt. 4 gir tilråding om revidert handlingsprogram innan eige område.

Fylkestinget jf. delegeringsreglement pkt. 2.2.1 vedtek handlingsprogram for regionale planar. Fylkestinget utarbeider og vedtek også handlingsplan/langtidsplan/retningsliner jf. pkt. 2.1.2.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Handlingsplan 2022 vert dekkja innanfor sektoren sitt budsjett for 2022.

**Klima:**

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling er tatt med og vert arbeidd inn i all verksemd.

**Folkehelse:**

Kunst og kulturaktivitet, idrett og friluftsliv er viktige tiltak for folkehelse, både fysisk og psykisk.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Utviklingsplanen sine mål ligg til grunn for prioriteringane i handlingsplan 2022.

Konklusjon

Handlingsplan 2022 sameinar satsingane i eksisterande planar og set retning for fylkeskommunen sitt arbeid i 2022.